



KOPI

Hogne Larsen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/32 - 11 / SKL

Dato:

09.06.2020

Svar på henvending om bygging av voll rundt eiendom 157/50 i Bergsvikmarka

Austrheim kommune viser til henvending frå heimelshavarane på gnr 157 bnr 44 og 117. Henvendingene er kome kvar for seg og omhandlar ulike høve på eigedomen gnr 157 bnr 50.

Frå eigedomen bnr 117 er det kome ei henvending som viser til bygging av jordvollar rundt fritidseigedomen bnr 50 med beplanting av tujahekk på toppen.

Frå eigedomen bnr 44 er det komehenvending om bygging av mur/voll inntil deira tilkomstveg samt plassering av tilkomstveg til eigedomen bnr 50.

Vi viser til at gnr 157 bnr 50 ligg i reguleringsplan med planid 2006003. I reguleringsplanen er det vist areal avsett til fritidsbebyggelse, friluftsføremål og areal til veg og parkering. I føresegnene er det fleire omsyn som må takast i vare.

Kopiert frå føresegnene til reguleringsplanen:

§2 FELLES FØRESEGNER

2.3 Terrenginngrep

Alle terrenginngrep skal gjerast så skånsamt som mogleg, og terrenget skal tilstellast på ein god måte ved avslutning av tiltaka.

§3 BEBYGGELSE OG ANLEGG (pbl § 12-5 nr. 1)

3.1 Fritidsbustader

— ...

- *Minimum utsprenging og planering for hyttetomter gjeld. Der det er mogleg skal hytter plasserast på søylefundament med minimalt med sprenging. Der det må sprengjast og planerast er det maks tillete å planere/sprengje 1 m utanfor veggliv hytte*
- *Byggjegranser er synt på plankartet. Der det ikkje er synt byggjegranser på plankartet gjeld avstandskrava i Pbl.*
- *Fritidsbustader skal plasserast som vist på plankartet.*
- *Det kan ikkje setjast opp gjerde eller andre fysiske stengsel rundt fritidseigedommane.*

Tilkomstvegen til bnr 44 er byggesøkt og gjeve løyve til i sak 001/20 dagsett 06.01.2020. Dersom det skal gjerast endringar i høve til dette løyvet må det sendast inn søknad om løyve til endring. Tilkomstvegen er gjeve løyve til på bakgrunn av tinglyst vegrett over eigedomen gnr 157 bnr 50. Tilkomstvegen til gnr 157 bnr 50 er det gjeve løyve til i sak 004/20 dagsett 10.01.2020.

Beplantning med hekk er eit fysisk stengsel i likheit med gjerde. I høve til føresegnene § 3 pkt 3.1 er det ikkje tillate med gjerder eller fandre fysiske stengsel på fritidseigedomane.

Austrheim kommune har gått gjennom saksgrunnlaget som er innsendt av FH Gruppen AS som grunnlag for søknad om igangsettingsløyve og danner grunnlaget for løyvet i sak 004/20 dagsett 10.01.2020. Vi kan ikkje sjå at dette grunnlaget viser nokon form for jordvollar på eigedomen. Vi ser heller ikkje at det er søkt om beplantning av hekk rundt eigedomen. Dei nemnte tiltaka er derfor endringar i høve til gjeldande løyve. Slike endringar er søknadspliktige i høve til plan- og bygningslova § 20-2. Dersom slike endringar i tillegg kjem i konflikt med arealføremål eller føresegnene til reguleringsplanen må det søkast om dispensasjon. Endringane er av eit slik omfang at det og må sendast ut nabovarsel.

Konklusjon:

Tilhøva Austrheim kommune har fått henvending om er ikkje handsama i gjeldande løyve til tiltak på eigedomene gnr 157 bnr 50 eller gnr 157 bnr 44 og må difor søkast om. Endringane må nabovarslast. Dersom tiltaka kjem i konflikt med arealføremål, føresegner til reguleringsplanen eller byggegrenser må det søkast om dispensasjon for dette.

Med helsing

Stein Kåre Løvslett
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Situasjonsplan gnr 157 bnr 50 17122019
Nabotomt Austrheim
Kart
Erklæring om rettighet i fast eigedom
Kart

Kopi til:

Cathrine Jæger
Hilde og Lars Helgeland
Hogne Larsen
Raymond Skjervheim

Mottakere:
FH Gruppen AS

Østre Aker vei 17 0581

OSLO

KOPPI